



Årsmelding for Fedje sokn 2016

Sokneråd: Leiar: Jostein Husa

Nestleiar: Lars Svendsen

Faste medlemmar: Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Erling Walderhaug, Olav Husa og Per Børge Hillestad.

Sekretær: Mia K. Etokebe

1.vara: Tone Sævi, 2.vara: Iris Waage, 3.vara: Anna Marit Stormark, 4.vara: Solrunn Gullaksen og 5.vara: Turid Moldøen

Fellesråd: Leiar: Jostein Husa

Nestleiar: Lars Svendsen

Faste medlemmer: Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Erling Walderhaug, Olav Husa, Per Børge Hillestad og Kristin Handeland (kommunerepresentant)

Personlig vara for Kristin Handeland: Ottar Tangen

Daglig Leiar: Mia K. Etokebe

Fellesrådet handsamar saker av økonomisk karakter.

Hovudansvaret for Soknerådet står i §9 i Kyrjelova.

Soknerådet har hatt 9 møter. 5 av desse har og vert Fellesrådsmøte. Vi har behandla 58 soknerådssaker og 29 fellesrådssaker.

Aktiviteter soknerådet driv:

Gudstenester, Konfirmantarbeid, Ungdomsklubb, Ten Sing, Kvardag og helg, trusopplæringstiltak som tårnagentar og La det gro, andre faste tiltak, Ope kyrkje om sommaren, konsertar, samarbeid med Indremisjonen.

Nytt for 2016 er at vi endeleg har fått eiga heimeside og den finn de på www.kyrkja.no/fedje

Her vil de finne info om ting som skjer og alle innkallingar og referat vil bli lagt ut der.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Gudstenester:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Gudstenester på søn- og helgedag	22	20	24	25	20	20
Gudstenester utanom søn- og helgedagar	7	7	3	3	4	2
Dåp	4/0	9/4	7/4	4/3	5/4	2 (1)
Konfirmantar	11	6	11	4	13	4
Vigsle	2	2	2	2	2	1
Musikkandaktar/konsertar	9	1	10	5	2	3
Tal på deltakarar i gudstenestene	1990	2681	2120	2014	2295	1590
Gravferder			10	9	10	2

Gudstenester utanom Fedje kyrkje:

Vi held Utegudstenesta i Ove Villanger sitt Naust og hadde kyrkjekaffi ute imellom nausta til Ove Villanger og Edvard Koppen. Dette hadde vi aldri gjort før og det var ein ny oppleving. Samtalegudstenesta skjer i samarbeid med Austrheim og vert held i Austrheim kyrkje, den er likevel ein av våre gudstenester.

Gudstenester og andaktar på sjukeheimen:

Prest og Georg Tangen har vert på sjukeheimen og hatt andaktar. Dei har og hatt gudsteneste der den 8. mai, då med nattverd.

Gudsteneste i samarbeid:

Samtalegudstenesta blei held i Austrheim kyrkje med Fedje og Austrheim konfirmantane i lag.

Kyrkjekaffi/kvelds:

I 2016 har vi hatt kyrkjekaffi på 5 av gudstenesta.

Økonomi.

Soknerådet fekk i 2016 sine økonomiske midlar frå kommunen (880 000,-) og gjevarteneste (Kvardag og Helg gåver og ofringar i kyrkja).

Offer

År	2012	2013	2014	2015	2016
Samla offer	74632	88257	131448	60309	54337
Til eige arbeid	26375	21815	86694	7589	9667
Gåver	37796	66264	21050	70 000	48429
Fasteaksjonen	12990	16663	15893	18025	16884



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

I posten gåver er basarinntekter, gåve Kvardag og Helg, gåve på bøssa i kyrkja, fast gjevertenesta og andre gåver folk har gitt til kyrkja

Nokon tal trekt ut av rekneskapet:

Lønn til tilsette og vikarar: 327685,-

Godtgjersle soknerådet: 42000,-

Sum utgifter: 1 032 194,-

Sum inntekter: 1 188 288,-

Overskot: 156 094,-

Dette overskotet er i hovudsak på grunn av vakanse i organiststillinga.

Konfirmantundervisninga 2015/2016:

Vi samarbeider godt med Austrheim. Deira kyrkjemusikar og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge har hatt hovudansvaret for konfirmantane som var konfirmert i september 2016. Wilco Vogelaar, Mia Etokebe og Per Børge Hillestad har også vert mykje med i konfirmantarbeidet i 2016.

Undervisningsopplegget er framleis Kristuskransen.

Konfirmantfesten var 30. august på Pernille denne gongen, sida kullet var så lite. Dette kan hende vi vil fortsette med. Da åt vi saman og etterpå gjekk konfirmantane opp i kyrkja og øvde til konfirmasjonen saman med Per Børge. Alle konfirmantane deltok med føresette.

Konfirmasjonsdagen var laurdag 3. september og da var det Per Børge Hillestad og Jostein Hauge som leia gudstenesta. Hausten 2016 er det Mia Etokebe og Wilco Vogelaar som har hatt konfirmasjonsundervisninga på Austrheim. Mia kjem til å fortsette i ei 15% stilling i Austrheim som konfirmantlærer. Konfirmasjon 2017 er laurdag 27. mai. Dette er første året vi er tilbake på å ha konfirmasjon om våren.

Ungdomsklubben:

Vi hadde 15 klubbkveldar i 2016. Jostein Husa og Mia Etokebe har hatt hovudansvaret, men frå hausten 2016 har vi og fått med litt foreldre igjen og det er kjekt, så det vil vi fortsette med.

Dramagruppa:

Per Børge Hillestad har dramagruppe i kyrkja kvar onsdag. Desse har vi hatt glede av å sjå i fleire gudstenester i gjennom året.

Ten Sing

Ten Sing lever i beste velgåande med Monica Thomassen Waage og Elisabeth Tunland som musikalske leiarar. Det er 16 ungdomar med i koret. Dei er alle i alderen 12-16 år. Ten sing har eige ungdomsstyre. Det deltok på den årlege julekonserten og vi kjem til å sjå meir til Ten Sing framover.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Kvardag og Helg:

Kom ut 4 gonger i 2016. Påska, sommar, haust og jul. All skriving og distribusjon av bladet vert gjort på dugnad. Innsamling av stoff til Kvardag og Helg har Grete Herøy og Ingrid Nilsen hatt ansvar for, med seg har dei no fått Ragnhild Husa frå soknerådet og Per Børge. Trykkeriet vi bruker heitar Netprint Bergen. Per Børge er veldig god på layout og design av bladet. Soknerådet er med å få bladet ut til alle husstandar på Fedje.

Tårnagentar:

Vi hadde tårnagentar i 2016. Med 2 årskull. 2. klasse og 3. klasse kom og var agentar i lag med Wilco og Mia ein laurdag i januar. Så fekk 2. klasse utdelt bok i gudstenesta i etterkant.

La det gro:

5. klasse fekk utdelt bibel i gudsteneste også i år, men påmeldinga til La det Gro i etterkant var så dårleg at det vart avlyst. Men vi fortsetter å invitere til dette gode opplegget .

50 års konfirmantar:

50 og 51 års konfirmantane vart invitert og vart presentert i gudstenesta i september. Dei å i lag i bedehuset før gudstenesta. Vi bestilte mat frå Holmen Cafe, og soknerådet sto for arrangementet.

Konsertar:

Vi hadde ein nydeleg konsert med Lisbeth Stuber og Anders Bergsland den 2. desember. Dette kan dei få lov å gjere fleire gonger 😊

Vår lokale julekonsert gjekk av stabelen 16. desember og den var sjølv sagt den beste nokon sinne. Mange aktørar bidrog til ein super kveld. Sida vi ikkje hadde ein organist til å ta hovudansvaret spurte soknerådet om hjelp frå Hans Erik Waage og Monica Thomassen Waage, dei gjorde ein super jobb i forkant og sydde saman konserten i samarbeid med sokneråd og det vart ein fin kveld, med mange gode musikkopplevingar.

Open Kyrkje:

Vi hadde ope kyrkje i sommarferien frå St. Hans til skulestart. Opning og lukking av kyrkja vart gjort på dugnad av soknerådet.

Medarbeidarar:

Personalet i kyrkja er samansett av prest, kyrkjemusikkar, kyrkjetenar, kyrkjegardsarbeidarar, reinhaldar, kyrkjevevjer, trusopplæringsmedarbeidar og sjølv sagt frivillige. Fedje sokneråd kjøpar tenestar frå Austrheim sokneråd i konfirmantarbeidet. Ein del av stillingane vert dekkja inn ved at



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Fedje sokneråd har ein tenesteavtale med Fedje kommune. Organist Ann Jorunn Hope slutta i mars 2016 etter ein lang sjukdomsperiode og ho jobba bare hos oss ein kort periode frå 1. august 2015 til november 2015. Vi hadde vakanse i stillinga ut 2016, men Georg Tangen har stilt opp og også andre vikarar har vert i arbeid. 1. januar 2017 byrja Ivar Mæland i 25% kontorstilling hos oss og vi håper vi kan ha med oss lenge. Mia Krüger Etokebe er tilsett i 25% sekretærstilling for soknerådet og 30% kyrkjeverje for Fedje kyrkjelege Fellesråd. Ho har vert i stillinga sida mars 2014. Sokneprest Per Børge Hillestad er framleis med oss og nå bur han også på Fedje! Han er tilsette i Bispedøme, men med tenestestad Austrheim og Fedje.

Kyrkjegardsarbeidet, reinhald og kyrkjeteneroppgåver vert utført av kommunen gjennom tenesteyting.

Inventar og utstyr:

Nytt lydanlegg er på plass og det har framleis nokon barnesjukdomar som vi må jobbe med, men når vi skjønner det skikkelig så blir vi nok fornøgd

Vi har fått gelender i trappa opp til koret, så det vert lettare for dei som treng støtte når dei skal til nattverd eller gå rundt alteret.

Kjølerommet i bårhuset har fått nytt kjøleaggregat.

Pianoet vart stemt før konfirmasjonsgudstenesta.

Kyrkjeforeininga

12. mars hadde dei basar og dei gjorde eit formidabelt arbeidet med loddsal og trekning og fekk inn pengar til nytt lydanlegg. Tusen takk.

Det var 18 medlemmer på årsmøtet 27. mars 2017

Referent: Mia K. Etokebe